

Margrethe Aven Storheim
Vetåsvegen 15
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8528 - 23/45875

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2023

Avvist søknad om endra avkjørsle - gbnr 483/1 Haukeland nordre

Administrativt vedtak.**Saknr: 615/23****Tiltakshavar:**

Margrethe Aven Storheim

Ansvarleg søker:**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om endra avkjørsle avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 25.01.23

Saka gjeld søknad om endra avkjørsle til bustad på gbnr 483/1.

Planstatus


Bustad eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel med idnr 1260201300200 er definert som LNF-spreidd bustad føremål.

Avkjørsle ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for FV406 og 407 Storheimstø – Vetås med plannamn/id 12602009000100 er definert som vegføremål.

Flytting av avkjørsle krev dispensasjon frå reguleringsplanen og dispensasjon frå LNF-spreidd føremål.


Alver kommunePostboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.noKontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922


Det er søkt om å få flytte eksisterende avkjørsel til fylkesveg noe for å gjøre utbedringer. Avkjørselen er regulert i «FV 406 og 407 Storheimstø – Vetås» med planID 12602009000100, vedtatt i 2010.



Utsnitt fra reguleringsplanen ved aktuell avkjørsel (t.v) og utsnitt fra situasjonsplan fra søknaden (t.h).

I KDP Radøy er bustadeigedommen avsatt til LNF-spreidd bustad.





Veglova

Vurderingar etter veglova skal gjerast av Alver kommune då veg er regulert. Vestland fylkeskommune har gjeve positiv førehandsuttale i saka då det søkjast om utbetring av tryggleik ved ny avkjørsle.

Kommunen ba i brevet av 7.02.23 om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.03.23. Informasjonen ble ikkje sendt til kommunen innan fristen, saka er tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Flytting av avkjørsel og vegtrase krev dispensasjon frå både reguleringsplanen og kommunedelplanen for Radøy. Bustad eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy med idnr 1260201300200 er definert som LNF-spreidd bustad føremål.
Avkjørsle ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for FV406 og 407 Storheimstø – Vetås med plannamn/id 12602009000100 er definert som vgføremål. Men flytting av avkjørsel krev dispensasjon frå reguleringsplanen.
2. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast og grunngjenvast. Kommune skal sende søknaden på høyring til statsforvaltaren og samferdselavdeling i Alver kommune. Du velger om du vil først söke om dispensasjon etter PBL §19-1 eller sende både söknad om dispensasjon og byggetiltak- veg/avkjørsel i regi av ansvarleg sökjar, prosjekterande, utførande føretak etter PBL §20-1.
3. Situasjonskart skal vise avstand til nabogrenser, ved avstand under 4 m, må det ligge føre samtykke frå grunneigar. Ved oppføring av tiltak på anna manns grunn slik avkjørsel ligg på gbnr 438/19- med Vestland fylkeskommune som eigar skal det ligge samtykke frå eigaren. Evt kan det søkjast dispensasjon frå avstandskrav PBL §29-4.

Det skal liggje føre teikningar, profilar, snitt på vegtrase.

Kommunen vurderer at søknaden ikke er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsoma og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande Avdelingsleigj

Larissa Dahl
Rådgivere

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vi treng fleire opplysninga før vi kan handsame søknaden - qbnr 483/1 Haukeland nordre

Mottakarar:

Margrethe Aven Storheim

Vetåsvegen 15

5938 SÆBØVÅGEN